

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

**STAD:** Valen sjukehus, Gamle kantine  
**MØTETIDSPUNKT:** 26.05.16 kl. 13.00

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar	
Brian Bjordal	Nestleiar	
Solfrid Borge	Medlem	
Gunnar Birkeland	Medlem	Deltok på telefon fom sak 030/16 punkt 5
Hilde Brit Christiansen	Medlem	
Nina Budal	Medlem	
Kjetil Andre Våge	Medlem	
Pål Osjord Midbøe	Medlem	
Helge Espelid	Medlem	

### FORFALL FRA STYRET

Liv Kari Eskeland	Medlem
-------------------	--------

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth H. Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Jan Håvard Frøyland	Økonomidirektør
Anne Hilde Bjøntegård	Klinikkdirektør klinikk for medisinsk service og beredskap

**SAKLISTE**

Sak 028/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 029/16	Godkjenning av protokoll 29.04.16
Sak 030/16	Administrerende direktør si orientering
Sak 031/16	Rapport frå verksemda
Sak 032/16	Overordna beredskapsplan for Helse Fonna HF
Sak 033/16	Langtidsbudsjett 2017 – 2021 med investeringsbudsjett
Sak 034/16	Risikorapportering 1.tertial 2016

**UNDERLAG**

Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 035/16	Eventuelt Skriv og meldingar
------------	---------------------------------

Vedlagt

---

**Sak 028/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

**Sak 029/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 29.04.16****Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 29.04.16

**Sak 030/16 Administrerende direktør si orientering****1. Rapportering tilsynssaker**

Viste til vedlagt notat

## 2. Oversikt over aktuelle høyringar

Viste til vedlagt notat

## 3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Viste til vedlagt notat

## 4. IKT hendingar

Administrerande direktør orienterte

## 5. Bygg Haugesund 2020

Administrerande direktør orienterte om styrevedtak i Helse Vest RHF og at kontrakt med OEC for forprosjektfase er signert. Forprosjektfasen er starta. Prosjektet ligg føre tidsplan for gjennomføring. Kostnadane til forprosjekt vil bli ført som investering. Administrerande direktør gjorde greie for estimat for timeomfang for 2016 og 2017. Administrerande direktør vil på neste styremøte leggje fram forslag til endringar på investeringsbudsjettet for 2016 som følgje av dette.

## 6. Status prosjekt for Stord og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan(2016 – 2019)

Administrerande direktør orienterte.

## 7. Spesialeining Valen sjukehus

Administrerande direktør orienterte

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tek meldingane til orientering

Ad.punkt 7 Spesialeining Valen sjukehus

Styret understreket at etableringen av tilbudet skjedde i en akutt og særskilt situasjon. Styret legger til grunn at premissene for etablering av tilbudet nå er under endring. Styret støtter administrerande direktør si vurdering

**Sak 031/16 Rapport frå verksemda**

### **Oppsummering**

Akkumulert er det økonomiske korrigerede resultatet på 10,3 millionar kroner mot budsjettet overskot på 13,3 millionar kroner. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 3,0 millionar kroner.

Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på 7,7 millionar kroner. Rekneskapet for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla budsjettmessig negativt avvik på 2,7 millionar kroner. Personalkostnadane inkludert innleie av personell frå byrå viser denne månaden eit positivt avvik på 0,2 millionar kroner. Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 5,1 millionar kroner.

Pr april måned synar rekneskapen at det er gjennomført investeringar for totalt 13,6 millionar kroner. Det utgjør 13,13 % av det samla budsjettet for 2016.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 547,1millionar kroner, noko som er ei forbetring på 79,7 millionar kroner i forhold til førre måned.

### **Behandlingsaktivitet og kvalitet, somatikk**

Tal DRG poeng, sjukehusopphald, dagbehandling og polikliniske konsultasjonar noko høgare enn plan.

#### **Ventetid**

Det var 7 ventande pasientar med fristbrot i perioden. Totalt var det 45 pasientar (ventande og behandla) med fristbrot (1 prosent, ventande og behandla), dei fleste innan somatikken. Føretaket er på god veg til å rydde vekk alle fristbrot.

Ventetida for alle behandla pasientar var i perioden 59 dagar, noko som er innanfor målkravet på 65 dagar. Ventetida for alle behandla pasientar er 56 dagar, som er innanfor målkravet på 65 dagar.

#### **Epikrisetid**

4 av 5 epikriser blei sendt innan fristen.

#### **Korridorpasientar**

Talet på korridorpasientar var 3,4 prosent i perioden.

#### **Utskrivingsklare pasientar**

I april måned var det 32 pasientar som var melde utskrivingsklare frå sjukehusa i føretaket og som blei liggande i påvente av eit kommunalt tilbod. Pasientane låg til saman 148 døgn.

17 av pasientane var heimehøyrande i Stord kommune, og dei låg til saman 113 døgn. Øvrige kommunar hadde låge tal for utskrivingsklare pasientar og liggedøgn i april.

### **Behandlingsaktivitet og kvalitet, psykisk helsevern**

Tal døgnbehandling og polikliniske konsultasjonar for vaksenpsykiatri (VOP) er lågare enn plan. innan BUP er polikliniske konsultasjonar og lågare enn plan.

#### **Sjukefråvær**

Sjukefråvær pr. mars er 7,3 %

#### **HMS**

I mars 2016 var det meldt 355 saker til meldesystemet Synergi og i april 356 saker. Pr april er 39% av sakene pasientretta og 11% HMS/ tilsettskadar.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning

## **Sak 032/16 Overordna beredskapsplan for Helse Fonna HF**

### **Oppsummering**

Styret i Helse Fonna HF stadfesta i sak 100/12 beredskapsplan for Helse Fonna. Regional beredskapsplan blei handsama av styret i Helse Vest RHF i september 2015 i sak 83/15. Beredskapsplanen for Helse Fonna frå 2012 er no revidert. Bakgrunn for revisjon er forskriftskrav om jamleg oppdatering av planverk samt nye føringar i nasjonalt og regionalt planverk.

Klinikkdirektør Anne Hilde Bjøntegård orienterte om arbeidet med revidering av beredskapsplan for Helse Fonna HF og om innhaldet i den overordna beredskapsplanen .

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF vedtek overordna beredskapsplan for Helse Fonna

## **Sak 033/16 Langtidsbudsjett 2017 – 2021 med investeringsbudsjett**

### **Oppsummering**

Økonomidirektør Jan Håvard Frøyland orienterte

Styret i Helse Vest behandla i møte den 18.06.15 sak 061/15 B Langtidsbudsjett 2016-2020. Det blei i denne saka fatta vedtak om at rullering av nytt langtidsbudsjett skal gjerast våren 2016 med basis i Helse 2020 og føringane gitt i samhandlingsreforma. Helse 2020 dokumentet og føringane gitt i samhandlingsreforma ligg difor til grunn for langtidsbudsjettet i Helse Fonna.

For å sikre lik tilnærming til langtidsbudsjett ber Helse Vest om at helseføretaka nyttar felles mal for talgrunlaget og styresak både overfor eige styre og ved rapporteringa til Helse Vest. I budsjettprosessen har føretaket lagt stor vekt på involvering og forankring i organisasjonen, både av dei med resultatansvar og av tillitsvalde. Prosessen er gjennomført med fleire behandlingar i klinikkane for å sikre god og bred forankring av dei prioriteringane som er gjort. Helse Vest RHF har hatt langtidsbudsjett 2017-2021 med investeringsbudsjett for Helse Fonna HF til gjennomgang.

## **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF vedtek langtidsbudsjett 2017-2021 med investeringsbudsjett, med dei endringane som kom fram i styremøtet.

## **Sak 034/16 Risikorapportering 1.tertial 2016**

### **Oppsummering**

Føretaksgruppa i Helse Vest har etter pålegg i oppdragsdokument og styringsdokument sidan 2009 gjennomført regelmessig, systematisk overordna risikostyring. Risikostyringa er gjennomført i tråd med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest som blei utforma i 2008, og som har blitt jamleg etter dette.

Styret i Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 04.12.13 reviderte retningslinjer for risikostyring i sak 134/13 B. Helseføretaka skal rapportere på risiko til føretaksstyret tertialvis, ved årsslutt skal dei gjere greie for arbeidet med risikostyring i årleg melding til Helse Vest RHF.

Styret i Helse Vest RHF vedtok 10.12.15, i sak 116/15, tre felles styringsmål med delmål for risikostyring for sjukehusføretaka i Helse Vest for 2016.

For første tertial 2016 er det 1 risikoelement i grønn sone, 21 risikoelement i gul sone og 1 risikoelement i raud sone.

Administrerande direktør vil arbeide for å redusere risikoen i dei områda kor risikoen er for høg, og vil i arbeidet leggje retningslinjene for risikostyring i Helse Vest til grunn.

## **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar risikorapportering for første tertial 2016 til etterretning.

### **Saker til orientering**

#### **Sak 035/16 Eventuelt**

##### **Skriv og meldingar**

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

1. PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I Helse Fonna HF 19.04.
2. Året 2015 for Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus AS
3. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 10.02.16
4. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 29.02.16

Ref. Ingebjørg Kismul

31.05.2016

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Sett:Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Helge Espelid	Medlem